



Det blir ein slamavskiljar på Børnes

**Det dreg ut med avløpsanlegget i Uskedalen men Bjarne J. Bratli i Asplan Viak opplyser til uskedalen.no at prosjektet vil bli gjennomført før sommaren er til ende.**

Eigentleg skulle arbeidet vore i gang tidleg i januar, men einkilde tekniske løysingar er enno ikkje avklara, opplyser han.

Det blir no arbeid med anbodspapira.

Søknaden om utsleppsløyve vart sendt i november. Anleggsleiar er Ivar Kåre Døssland i kommunen.

Alt avløp for Uskedalen skal sanerast. Eksisterande leidningar og utslepp skal koblast inn på nye samleleidningar og til førast slamavskiljarar på Børnes og Korsnes før det blir ført ned til 30 meters djup.

Det er lagt til grunn at 400 personar skal knyttast til anlegget på Korsnes og 865 personar til anlegget på Børnes.

Anlegga skal dimensjonert for tømning ein gong i året.

Reinseanlegga skal byggast opp av tankar av betong og reinsinga skjer i tre kammer. I tillegg er det inkludert eit eige biologisk luktfiler, gjekk det fram av utsleppssøknaden.

Av Ola Matti Mathisen



.....og ein på Korsnes